

Festnemnd

Fellestrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Ulstein har sett ned ei nemnd som skal arbeide med eldrefesten til hausten. Dei som sit i nemnda er: Karin Ertesvåg, Leif P. Dimmen, Åse Kristiansen og Janlaug Dimmen.

Rådet har fått 15 000 kroner frå Tussa. Pengane vil dei bruke på underhaldning på festen.

Festen skal vere 1. oktober 2009.

Deler ut stønad til større helsefagleg kompetanse

I år deler Møre og Romsdal fylke ut 5,4 millionar kroner knytt til Kompetanseløftet 2015.

Pengane blir fordelt som tilskot til kommunane i samsvare med dei nasjonale måla. Kompetanseløftet har som mål å skaffe tilstrekkeleg personell og naudsynt fagkompetanse til dei kom-

munale omsorgstenestene. Kommunane som får midlar har rapportert om pågåande og planlagd utdanning for sine tilsette. Ulstein kommune får 180 000 kroner. Hareid kommu-

ne får 60 000 kroner. Herøy kommune får 305 000 kroner og Sande kommune får 90 000 kroner.

Til topps i Tyskland

Miljøbilen "Frost" kjem til Sunnmøre 23. mai

Miljøbilen "Frost" - som Christian Dimmen Nasset frå Hareid er teknisk ansvarleg for - vann designprisen i si klasse under Shell Eco Marathon i Lausitz i Tyskland i forrige veke. 23. mai tek Christian med seg bilen oppover til Sunnmøre.

LEIV ARNE GRIMSTAD

I tillegg til designprisen tok "Frost" 2.-plass i kåringa av beste "teknologiske innovasjon" og "øko-vennligheit".

- Vi fekk utruleg gode tilbakemeldingar både frå dommarane, det tekniske personalet og andre deltakarar, fortel Christian, som no er i ferd med å runde av eit tre-årig batchelor-studium i industriell design ved Høgskulen i Østfold.

7. mai reiste eit lag frå Høgskulen i Østfold og eit lag frå NTNU i Trondheim sørover for å konkurrere med over 200 andre miljøbilar frå heile verda.

- Vi konkurrerte i to ulike klasser. "Frost" deltok i klassa "urban concept", d.v.s. "bybil-klassa". Den andre klassa - "prototypklassa" hadde vidare rammer - og bilane kunne ha både tre og fire hjul.

Køyrde 155 km på 1 liter bensin

Ei viktig side med Shell Eco Marathon er å få fram bilar som treng lite drivstoff. Derfor vart det halde tre løp der bilane fekk teste ut kor langt dei kunne køyre på drivstoff tilsvarande 1 liter bensin.

Christian fortel at dei kom seg 87 kilometer av garde på 1 liter 95-oktans bensin i det første løpet. - Vi køyrde veldig "safe", fordi vi først og fremst var ute etter designprisen. I tillegg var vi plaga med ei dreivrem som stadig glapp. For å motvirke det måtte vi halde eit jamnt høgt turtal - og det vart ikkje noko vellykka løp når det gjeld køyrelengd, slår Christian fast.

"Frost" stod over løp nr. 2 fordi Christian & Co ønskte å fikse ei del ting på bilen. I staden stilte dei i løp nr. 3 med ny drivrem og beltestrammar. Med dette på plass kunne dei utnytte køyreteknikken optimalt. I dette siste løpet køyrde "Frost" 155 kilometer på 1 liter bensin. - Vi fekk oppgitt 155 km i paddocken, men på resultatlista stod



Over: Teknisk ansvarleg Christian Dimmen Nasset viser fram miljøbilen "Frost". Den store pokalen fekk bilen for beste design i bybil-klassa.



Over: Frå det eine av dei tre løpa i Lausitz. Vi ser "Frost" inne ved reklameveggen i bakgrunnen midt på bildet. Til høgre: "Frost" er på bensinstasjon og fyller opp tanken.



det 140, fortel Christian.

Stoppa motoren og let bilen gli

Christian fortel at "optimal køyreteknikk" går ut på å køyre bilen opp i fart - om lag 50 km/t - for så å kutte ut motoren og gli utan motorkraft til farta var nede i 10-15 km/t - for så å starte og køyre bilen oppatt i fart. Slik foregjeikk heile løpet - og køyrelengda vart dobbelt så stor

som i det første løpet.

- Vi kunne gli mange hundre meter berre på den farta vi hadde. For å undersøke gli-evna til bilen, gjorde vi eit forsøk der vi dytta han opp i 10 km/t og så let han gli vidare på den farta. "Frost" gjekk over 100 meter av seg sjølv.

Enkel "jobb-bil"

"Frost" er bygt for 1 person. Ser ein rundt i byane, så køyrer

dei fleste til og frå jobb åleine i bilen. - Det vil nok vere praktisk å utvide til ein tomannsbil, seier Christian, men minner om at konseptet er "ein enkel bil å ta med på jobb". Det skal også vere ein bil det er trygt og godt å ta seg fram med.

- Kor fort kan bilen gå?

- Vi kan få han opp i 70-80 kilometer i timen. Men ideelt sett jobbar motoren best på mellom 35 og 50 km/t.

Til Sunnmøre 23. mai

Som alt nemnt kjem "Frost" kjem til Sunnmøre neste helg. Christian fortel at han har gjort avtale med Blåhuset i Ulsteinvik der bilen skal stå utstilt laurdag 23. mai.

- Eg tek med bilen oppover i ein stor varebil, fortel Christian Dimmen Nasset.